



## REFERAT

Vedlegg nr. 1

## Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 07/2024 | Klokkeslett: 09.00- 12.00 | Dato: 04.12.2024

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Anders Kjetland

Dato: 11.12.2024

	Navn	Part
Møtedeltakarar	Ingrid Dahl Hovland	Vegdirektør, leiar i styringsgruppa
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Sara Sekkingstad	Ordførar, Alver kommune
	Yngve Magnus Tvedt Fosse	Ordførar, Askøy kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Christine Kahrs	Byråd, Bergen kommune
	Kjell Kvingedal	Miljødirektør, Statsforvaltaren
	Geir Vangen	Jernbanedirektoratet
Andre	Anders Kjetland	Fungerande sekretariatsleiar, Miljøløftet
	Nils Magne Slinde	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Tor Corneliusen	Bergen kommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Arve Helle	Vestland fylkeskommune
	Lasse Kolbjørn Anke-Hansen	Vestland fylkeskommune
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Ørjan Raknes Forthun	Askøy kommune
	Christian Fredrik Fotland	Alver kommune
	Johnny Breivik	Øygarden kommune
	Arild McClellan Steine	Bjørnafjorden kommune
	May Britt Hernes	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Sondre Hillestad	Bergen kommune
	Hans Martin Moxnes	Bergen kommune

	Navn	Part
	Synnøve Vilsvik	Sekretariatet
	Erlend Otterå	Sekretariatet

## Saksliste byvekstavtalen

- Sak 74/24 Godkjenning av innkalling og saksliste  
 Sak 75/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 05.11.2024  
 Sak 76/24 Innfartsparkering i byvekstområdet  
 Sak 77/24 Oppfølging, budsjettforslag kollektiv  
 Sak 78/24 Oppfølging, orientering om parkeringsplassar i Bergen sentrum  
 Sak 79/24 Bruk av potten «Gangveier til kollektivtraseer»  
 Sak 80/24 Eventuelt, byvekstavtalen

## Saksliste bypakke Bergen

- Sak 81/24 Overføring av tidlegare løvvde bompengar til 2025  
 Sak 82/24 Oppfølging av sak om trafikk og inntekt  
 Sak 83/24 Eventuelt, bypakke Bergen

## Saksliste byvekstavtalen

### Sak 74/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

*Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.*

### Sak 75/24 Godkjenning av referat fra møtet i styringsgruppa 05.11.2024

*Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.*

### Sak 76/24 Innfartsparkering i byvekstområdet

Bjarte Havidal Tangenes, VLFK, presenterte saka. Vestland fylkeskommune fremmar forslag om tiltak for å styrke samarbeidet om innfartsparkering med utgangspunkt i felles vedteken strategi. Mellom anna foreslår VLFK å setje ned ei arbeidsgruppe. VLFK poengterte også at dette ikkje betyr ein ny diskusjon om innfartsparkering som verkemiddel, men om å etablere ein felles praksis ut frå dagens strategi. VLFK orienterte også om status ved innfartsparkeringane i byvekstområdet.

Det var brei semje i styringsgruppa om å setje ned ei arbeidsgruppe i tråd med forslaget. Sara Hamre Sekkingstad, Alver, hadde eit spørsmål om dei konkrete sakene i slutten av saksdokumentet vart ein del av arbeidsgruppas arbeid, eller om det kom eigne saker på dette. Bakgrunnen var at Alver kommune får mange spørsmål rundt Flatøy terminal og om det vert innført restriksjonar på parkering der, m.a. for parkerande som kjøper enkelbillett på kollektiv.

Anne Iren Fagerbakke svarte at fylket i utgangspunktet ikkje var tenkt å reise fleire saker, men vil orientere om vidare dialog både når det gjeld Flatøy og innfartsparkeringa i Knarvik, der det er ei tilsvarende problemstilling.

*Vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at det blir oppretta ei arbeidsgruppe som vist i saka.*

*Styringsgruppa tek orientering om status og aktuelle saker til orientering.*

### Sak 77/24 Oppfølging, budsjettforslag kollektiv

Saka er ei oppfølging av sak 67/24 i førre styringsgruppemøte. Fylkesordførar Jon Askeland orienterte. Han gjekk gjennom bakgrunnen for det opphavlege budsjettforslaget, og sa mellom anna at Miljøloftet-samarbeidet har hatt god effekt på kollektivutviklinga, samtidig som at fylket slit økonomisk med å gi ein kapasitetsauke i tråd med etterspørselsauken.

Etter at det kom ekstra statlege midlar i oktober vart det lagt fram eit revidert budsjettforslag for kollektiv, som no har vore gjennom politisk behandling i fylkesutvalet.

Askeland understreka behovet for meir midlar til auka kollektivkapasitet, og foreslo å nytte delar av dei statlege post 66-midlane kalla Tilskot til betre kollektivtilbod (tidlegare regjerings bompengeavtale) til kollektivproduksjon i Miljøloftet-området i 2025.

Han varsla å komme med eit forslag til vedtak for partane i styringsgruppa etter nyttaår.

Dette er midlar som styringsgruppa tidlegare har vedteke skal gå til bybaneføremål.

Dermed trengs det også nytt vedtak for å eventuelt nytte dei til andre kollektivtiltak.

Jon Askeland ønskete ein diskusjon rundt å bruke desse midlane i ein spesiell situasjon, og presenterte eit revidert budsjettforslag frå det politiske fleirtalet i fylket, der delar av desse midlane var lagt inn i kollektivbudsjettet for 2025.

Terje Søviknes, Bjørnafjorden kommune, var opptatt av den endra sonestrukturen som gjer det dyrare for m. a. pendlarar å reise mellom kommunane, og sa at han ikkje såg det var løyst i opplegget som var skissert.

Han var elles positiv til å dreie bruken av midlar frå bybane til andre kollektivtiltak, men spurte om korleis ein løyser rekkefølga på vedtaka, i og med at ein endra bruk av midlar krev eit nytt vedtak i styringsgruppa.

Jon Askeland sa at ein såg tydeleg behov for å justere sonestrukturen, spesielt i Bergensområdet. Han sa at forslaget om ny sonestruktur frå første budsjettforslag ville bli utsett. Han sa også at arbeidet med ny sonestruktur ville pågå gjennom 2025 i drøfting med partane i Miljøloftet.

Tom Georg Indrevik var skeptisk til forslaget om bruken av post 66-midlane. Han såg det som greitt om midlane går til auka ruteproduksjon, men ikkje om det inneber at ein flyttar midlar frå byvekst for å dekke drift og prisauke i heile fylket. Han meinte òg at ein burde sjå på reklamefinansiering som ei mogleg inntektskjelde.

Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, sa at tilskotet til betre kollektiv kan gå til drift, men at dei må gå til auka kollektivsatsing utover ordinær drift. Ho stadfestar at det trengs eit vedtak i styringsgruppa for å kunne bruke desse midlane til anna enn bybaneføremål.

Christine Kahrs, Bergen kommune, forstod den økonomiske situasjonen fylket står i, men meinte ein bør vere forsiktig med å bruke desse post 66-midlane til andre tiltak enn bybaneføremål.

Jon Askeland understreka at tiltaka som var foreslått finansiert av tiltakspakken i post 66 gjaldt byvekstdelen av kollektivtilbodet.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## Sak 78/24 Oppfølging, orientering om parkeringsplassar i Bergen sentrum

Saka er ei oppfølging av sak 68/24 i førre styringsgruppemøte. Bergen kommune hadde før møte sendt ut eit notat om planane om nye parkeringsplassar.

Christine Kahrs, Bergen kommune, gjorde greie for notatet i møtet. Ho sa at dei 125 plassane i Bergen er avgiftsbelagte korttidsplassar som skal gjøre det enklare for handverkarar og handel i Bergen sentrum og meinte at dette ikkje ville gi konsekvensar for nullvekstmålet.

Malin Bismo Lerudsmoen, SVV, sa at ho forstod at det var ulike avvegingar som måtte gjerast på areal og parkering. Samtidig understreka ho at staten har bidratt tungt på finansiering av Miljøloftet-tiltak, og det er ei klar forventning om at ein lokalt oppfyller sin del av avtalen. Ho meinte at sjølv om ikkje dette tiltaket har stor effekt på nullvekstmålet, er det samla sett fleire tiltak som drar i feil retning, samtidig som personbiltrafikken aukar.

Om ein ikkje heile tida gjer små grep i retning nullvekstmålet, så skyv ein på utfordringane, og kan bli nøydd til å gjere endå kraftigare tiltak på eit seinare tidspunkt.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## **Sak 79 /24 Bruk av potten «Gangveier til kollektivtraseer»**

Geir Haveraaen, Bergen kommune, presenterte saka. Han viste døme på korleis potten Gangveier til kollektivtraseer er blitt brukt over fleire år, til prosjekt i handlingsplan for gange. Prosjekta har rusta opp og gitt nye snarvegar til kollektivtrasear over heile Bergen, og ein får gode tilbakemeldingar på dei i lokalmiljøa. No blir det planlagt nye snarvegar i m. a. Åsane og på Kokstad. Prosjekta er finansiert med rundt 1/3 kommunale midlar, 1/3 gjennom belønningsmidlar over post 66, og 1/3 med fylkeskommunale midlar gjennom potten Gangveier til kollektivtraseer, altså med rundt 2/3 gjennom Miljøloftet.

Vegdirektør Ingrid Dahl Hovland takka for god orientering, og meinte tankegangen bak hadde høg aktualitet inn mot ny byutredning.

Tom Georg Indrevik, Øygarden, såg temaet som aktuelt også for regionsenter som Straume, og meinte det var viktig å ta omsyn til snarvegane i planlegginga av nye utbyggingsarbeid.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

## **Sak 80/24 Eventuelt, byvekstavtalen**

### Framdrift, byutredning

Kristian Bauge, Statens vegvesen, orienterte om framdrifta i arbeidet med ny byutredning. I neste styringsgruppemøte er det planlagt å presentere innhald i verkemiddelpakken og tiltaksbanene i arealbruksalternativa. 12. desember er det ein workshop i den lokale arbeidsgruppa for byutredninga, og det blir også ein workshop rett etter nyttår.

### Dashboard for utvikling i byområde

Byindeksen blir presentert som tertialsvise rapportar. No ligg den i tillegg ute på eit oppdatert dashboard på Statens vegvesens sider saman med andre indikatorar, der ein også kan sjå utviklinga for dei tre andre storbyområda i byvekstavtalen.

Nettside for dashboard: <https://www.vegvesen.no/fag/fokusområder/nasjonal-transportplan/byvekstavtaler/byvekst/>

### Ny sekretariatsleiar

Nils Magne Slinde, Statens vegvesen, orienterte om at Kari Gåsemyr er tilsett som ny sekretariatsleiar. Ho byrjar i sekretariatet 3. mars.

### To nye tildelingsbrev

Malin Bismo Lerudsmoen orienterte om to nye tildelingsbrev som Statens vegvesen har mottatt frå Samferdselsdepartementet. Det eine gjeld vidare arbeid med byutredningar og utforming av ny tilskotsordning til byområda. Det andre brevet gjeld arbeid med å vidareutvikle bompengesystemet i byområda, og bruke dei meir treffsikkert for å nå

nullvekstmålet. I oppdraget ligg også utviklinga av eit felles rammeverk for vurdering av samla bompengebelastning i eit område. Tidelingsbreva blir lagt ved referat, og i sakspapirmappa for styringsgruppemøtet på miljøloftet.no

## Saksliste Bypakke Bergen

### **Sak 81/24 Overføring av tidlegare løyvde bompengar til 2025**

Anne Iren Fagerbakke, VLFK, presenterte saka. Fylkeskommunen ber om at allereie løyvde bompengar på til saman 98 mill. kroner, kan overførast til 2025.

*Vedtak: Styringsgruppa for bypakke Bergen sluttar seg til at allereie løyvde bompengar kan overførast til 2025, som vist i saka.*

### **Sak 82/24 Oppfølging av sak om trafikk og inntekt**

Saka er ei oppfølging av sak 72/24 i førre styringsgruppemøte. Dina Lefdal, VLFK, presenterte hovudpunktene fra sist gong saka vart lagt fram: Med ein aukande elbilandel og ein elbilrabatt på rundt 60 % i forhold til ordinær takst, ligg ein langt under snittaksten fastsett i stortingsprop. 11S. Ein taper ca. kr. 3 per køyretøy eller rundt 280 mill. kr. i år, om ein ser bort frå avvisingseffekten av ein takstauke. Samtidig ligg trafikken i dag noko over forutsetningane i stortingsproposisjonen.

Malin Bismo Lerudsmoen, SVV, understreka at om ein ikkje opnar for ein auke i elbiltaksten, taper ein pengar som kunne gått til å finansiere Bybanen BT5, men også til Fløyfjellstunnelen og Vågsbotn-Klauvaneset. Samtidig er bompengar sentralt for å regulere trafikken. Ho viste til at ny NTP er tydeleg på at ein lokalt har eit ansvar for å vurdere om bompengane er treffsikre i forhold til nullvekstmålet. Ho gjentok også frå SVV si side bekymringa uttrykt i byvekstavtale-delen av møtet om at utviklinga går i feil retning.

*Vedtak: Styringsgruppa tek saka, og innspel i møtet, til orientering*

### **Sak 83/24 Eventuelt, bypakke Bergen**

Ingen saker meldt.